

# Årsmelding frå Jaktutvalet 1999.

## **Leirduebana.**

Aktiviteten på leirduebana har gått litt nedover. Det har vore trening på bana to gonger i veka frå mai og fram til NM, og ein gong i veka frå august og fram til jaktstarten.

## **Haglekurs/jegerprøve.**

Har arrangert haglekurs for nybyrjarar med 7 deltakarar, av desse var det 2 frå Vik og 1 frå Sogndal. Det vart også arrangert haglekurs for 11 jegerprøvekandidatar frå Balestrand.

Laget har endeleg fått jegerprøveinstruktørar, som er Sverre Fossen og Bjørn Fjøsne.

## **Stemne.**

Leikanger JFL arrangerte eit 100-skot stemne i lag med Luster JFL. Frode Husum vart vinnar av dette stemnet med 97 treff, som blir kalla "Indre Sogn Cup". Stemnet var kvalifisering til landskamp.

Kurt Langeteig vann "Tiurleiken" i Årdal med 50 treff.

Kurt Langeteig vart Vestlandsmeister for 4. gong med 73 treff og Leikanger JFL tok også 1. plass for 3-manns lag (Kurt, Frode, Odd).

Frode Husum fekk bronse i FM-jegertrap på Eid med 45 treff.

Flå JFL arrangerte to 100-skot stemne i 99, og begge vart vunne av skyttarar frå Leikanger JFL. 15. mai vann Frode Husum stemna med 99 treff og 26. juni vann Nils Olav Langeteig stemnet med 99 treff.

## **NM Jegertrap og Leirduesti.**

Det var stor dugnadsinnsats før og under NM Jegertrap og Leirduesti i Førde. I alt 23 medlemmer og andre frå Leikanger var på vakt denne veka under NM.

Det var 10 deltakarar med på jegertrap og 9 deltakarar på leirduesti frå Leikanger JFL. Sjølv om Frode Husum hadde hendene fulle med ansvaret for vaktmannskapa på heile NM-arrangementet, klarte han å konsentrere seg for fullt på skyting. Han leia med 50 treff før finalen, men vart til slutt nr. 3 med 73 treff etter omskyting.

## **NM Nordisk Trap.**

Frode Husum og 5 andre skyttarar deltok på NM Nordisk Trap. Også i dette norgesmeisterskapet vart det medalje til Frode, men denne gongen vart det sølv. Frode vart vinnar av A-klassen med 122 treff og nr. 2 etter finalen i meisterskapet med 145 treff. Geir Vie vart nr. 2 i B-klassen med 118 treff. Det vart også 3. plass for 3-manns lag (Frode, Loyd, Geir).

## **Landskamp i Nordisk Trap.**

Kurt Langeteig og Frode Husum var uttekne til landskamp i Nordisk Trap mot Sverige og Danmark, som Norge vann. Frode Husum vart totalt nr. 5 i seniorklassen etter finalen med 169 treff. Vinnaren hadde 170 treff og vert rekna som nordisk meister.

### **Stemnevinnarar.**

Frode Husum 4 stemne.  
Kurt Langeteig 4 stemne.  
Nils Olav Langeteig 1 stemne.

### **Sidemedlemer.**

Ca. 10 skyttarar er sidemedlemer for å få skyte Nordisk Trap. Desse skyttarane er frå Førde JFL, Askvoll/Holmedal JFL og Luster JFL.

### **Lagsmeisterskap i Jegertrap og Leirduesti.**

Jegertrap	senior Klasse	Vidar Frækaland	23 treff.
Jegertrap	jeger Klasse	Ivar Fagerheim	20 treff.
Leirduesti	senior Klasse	Odd Reksnes	21 treff.
Leirduesti	jeger Klasse	Kjell Erik Strand	14 treff.

Jaktutvalet

Svein Inge Lundheim  
(formann)

## **Trastadalshytta.**

Det var 16 bruksdøgn i 1999.

Leikanger JFL kjøpte inn ei gasslampe og kommunen har gått til innkjøp av 4 madrasser.

Hytteansvaleg

Svein Inge Lundheim.



## ÅRSMELDING FRÅ FISKEUTVALET 1999

Fiskekonkurransen på Sumhaug, Fjærlandsete vart arrangert av privatpersonar i 1999. Fiskeutvalet har ikkje hatt noko form for aktivitet i året som gjekk. Fiske etter laks/aure i Henjaelva har ikkje vore organisert frå LjF si side. Grunnen til dette er at den eit årige avtalen med grunneigarane ikkje opnar for moglege kultiveringstiltak som vil vera ei forutsetning for forsvarleg forvaltning. Det kunne ha vore ynskjeleg med eit utspel frå Fylkesmannen i denne saka, trass i at Henjaelva tykkjest ubetydeleg som lakseførande elv. Når dette er sagt vil eg understreka at det ikkje er noko grunn til å forsvare aktivitetsnivået forrige år i fiskeutvalet.

Eg tek konsekvensen av dette og trekkjer meg som formann i fiskeutvalet. Å inneha eit verv av denne art gir forpliktelsar som må fylgjast. Når det ikkje vert gjort, er ikkje laget og medlemmane tjent med meg som formann.

Ynskjer LjF lukke til med det vidare arbeidet og vonar De visert forståing for mi avgjerd.

Med venleg helsing

Jan Thore Fedje

4

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 1999

## UTGIFTER

Gebyr	251,00
Kurs/møte	806,00
Kioskvarer	930,50
Kjøp premiar	5 736,00
Div. utgifter	14 736,00
Kjøp skot/duer	39 718,50
Trastadalshytta	2 121,00
Nyanlegg Henjadalen	1 590,00
Haglekurs	350,00
Opplæring instruktør	3 108,00
Kontingent	1 345,00
	<b>70 692,00</b>

## INNTEKTER

Renteinntekter	566,00
Inntekter trening/stjerne	22 808,00
Sponsorinntekter	4 500,00
Kontingentinnkreving	2 800,00
Leigeinntekter bane	1 000,00
Leigeinntekt Trastadalshytta	1 225,00
Diverse	12 938,00
Fiskekonkurranse Fjærlandsete	705,00
Kulturmidlar	7 500,00
Kurs	973,00
Haglekurs	1 430,00
Kobbeteljing	669,50
NM-rekvisita	1 500,00
Gåvetildeling Spareb. Sogn og Fj.	3 000,00
	<b>61 614,50</b>

UNDERSKOT: 9 077,50

## AKTIVA PR. 31.12.99:

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	19 827,26
SKOT - DUER- PREMIAR M.M.	18 845,00
BYGG ANLEGG	16 355,00
LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR	22 904,00
TØMMER/MATERIALAR	<u>40 000,00</u>
SUM AKTIVA	117 931,26

Hermansverk 20.02.2000

Kjell Erik Strand

etter Valst

5

# STYRET I LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 2000

Forklaring: B på val 2001. A: ikkje på val 2001

## Styret

Kategori:	Verv:	Namn:	Valnemnda sitt forslag:
B	Leiar	Kurt Langeteig	
A	Nestleiar	Per Ove Fosheim <i>hy</i>	
A	Kasserar	Kjell Erik Strand	
B	Sekretær	Arnstein Hauge <i>hy</i>	
B	Vara	Steinar Berkvam	
I tillegg kjem utvalslleiarane			

## Jaktutval

A	Leiar	Bjarne Sjøthun <i>hy</i>	
A	Medlem	Per Olav Henjum <i>hy</i>	
B	Medlem	Per Norsten <i>hy</i>	
B	Medlem	Vidar Frækaland	

## Fiskeutval

B	Leiar	Øyvind Njøs <i>hy</i>	
A	Medlem	Øyvind Husabø <i>hy</i>	
B	Medlem	Ivar Ness	
A	Medlem	Per Sivert Nesdal <i>hy</i>	

## Revisor

A		Sverre Fossen	
B		Inge Yttri	

## Valnemd

B	Leiar	Øyvind Husabø <i>hy</i>	
B		Per Sivert Nesdal <i>hy</i>	

## Leirduebaneutval

A	Leiar	Svein Inge Lundheim <i>hy</i>	
A	Medlem	Odd Reksnes <i>hy</i>	
B	Medlem	Frode Husum <i>hy</i>	
B	Medlem	Jakob Støyva <i>hy</i>	

## Ungdomsutval

B	Leiar	Hallvard Grinde <i>hy</i>	
B	Medlem	Arve Yttri <i>hy</i>	
A	Medlem	Olav Njøs <i>hy</i>	
A	Medlem	Vidar Jakobsen <i>hy</i>	

Årsmøte 2. 4. 2000.

Til stades: Kurt Langsetig, Odd Rekesnes, Per Olav Henjum  
Svein Inge Lundheim, Øyvind Njøs, Øyvind Husabø,  
Per Sivert Nerdal, Vidar Frøhaland, Halvard Grinile

Sak 1: Innkallinga godkjend utan merknader.

Sak 2: Kurt h. vald til møteiar.

Sak 3: Per Olav Henjum og Vidar Frøhaland vakte til å skrive under møteprotokolten.

Sak 4: Årsmeldinga vart godkjend med desse merknadane:

- spørsmål om kultiveringsarbeid
- diskusjon om nedre tenjaleva, om å endre terskane.
- bør vere ei oppgåve for fiskeutvalet.
- Steinar Husum og Magne Optum tek ansvaret for fiskekont. Somhang 2000.
- Planlagt at Frode Husum skulle få ei påskjøning for dei gode resultatane i 99, men Frode kunne ikkje møte. Han vil motta denne seinare.

Sak 5: Rikenskapen godkjend med små merknader.  
Økonomien er bra.

Sak 6: Innkomne saker:

Leirduebane/hagshytte.

Det er kome uforutsatte utgifter i samband med anlegget i Henjadalen. Etter nye opplysningar frå Sognekraft vart det nødvendig med ny grøft

og kabel frå Røysafeltet, ei lengd på 8-900 m.  
Kostnaden med dette vert omlag 200 000 kr.  
Dette er kostnader i ikkje får tippemidlar til

Årsmøtet vedtok at Odd Refsum skal skrive eit brev til kommunen ved Ordføraren, der me ber om at Leikanger kommune tek stilling til ei mogeleg anna plassering av ny leirduebane/lagskytte.

Oppretting av nye utval og endring av lover for Leikanger JFb.

Årsmøtet vedtok å opprette ungdomsutval og leirduebaneutval.

Dette medfører at ein del paragrafar i lovane til Leikanger JFb må endrast

dette gjeld: § 1.1 - 2 - 4.6 - 4.7 - 5 - 7 - 8.8 - 10 - 11

Nye paragrafar: § 12 og 13.

Sak 7. Rige ark. (Val - sjå neste side)

Sak 8. Jmse

- Det var ynskje om at fylkeslagsskretæren Reidun S. Seim eller Fylkesleiar Kristin Halvorsen skulle koma på neste årsmøte og informere.
- Jaktleiar kurs i Sogndal
- Framlegg om skotpremie på vilt.
- Få til eit samarbeid med grunneigarlaget.

Sak 7 .

## Styret etter valet

Leiar : Kurt Langseth  
Nestleiar : Per Ove Fossheim. ny  
Kasserar : Kjell Erik Strand  
Sekretar : Arnstein Hauge ny

Leiar Jaktutval : Bjarne Sjøthun ny  
" Fiskeutval : Øyvind Njøs ny  
" Leirduebanoutval : Svein Inge Lundheim ny  
" Ungdomsutval : Halvard Grinde. ny

Referatet foreligger berre på lausark.

Referatet er ført inn 31.10.00 av Arnstein Hauge.